Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Protokoll frå årsmøtet i Ørsta idrettsråd

Torsdag 22. mai 2025 kl. 19.00
Stad: Klubbrom 1 i Ørstahallen

Årsmøtet sine oppgåver:

1. Godkjenne representantane
2. Velje dirigent/møteleiar
3. Velje protokollførar
4. Velje to representantar til å underskrive protokollen
5. Godkjenne forretningsorden
6. Godkjenne innkallinga
7. Godkjenne saklista
8. Behandle årsmeldinga for idrettsrådet.
9. Behandle
   a. *Idrettsrådet sitt rekneskap for 2024*
   b. *Styret sin økonomiske beretning*
   c. *kontrollutvalet sin beretning*
10. Behandle forslag til arbeidsprogram.
11. Fastsette tildelingskriteria for Lokale aktivitetsmidlar (LAM) basert på Kulturdepartementet sine kriteria, NIFs krav og anbefalingar, samt lokale forhold.
12. Behandle saker som går fram av godkjent sakliste
    Ingen saker meld frå klubbene eller styret
13. Vedta idrettsrådet sitt budsjett
14. Foreta følgande val:
    a) *Styre med leiar, nestleiar, 3 styremedlemmer og 2 varamedlemmer*
    b) *Kontrollutval med leiar, 1 medlem og 1 varamedlem*
    c) *Representantar til idrettskretstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane*
    d) *Valkomité med leiar, 1 medlem og 1 varamedlem*
15. Vedta om ein skal engasjere revisor til å revidere idrettsrådet sitt rekneskap.

<u>Innstilling frå styret:</u>

<u>1. Godkjenne representantane.</u>
Oppteljing i møtet. 9 representantar, og 3 frå styret. Tal på delegat er forankra i vedtektene (som ligg ute på heimesida).
Representantane vart godkjent.

2. Velje møteleiar.
Forslag: Erlend Andersen.
Forslaget vart godkjent.

3. Velje protokollførar.
Forslag: Tone Jøssang Hovdenakk
Forslaget vart godkjent.

4. Velje to til å signere protokollen.
Blir valde i møtet. Sven Castberg og Margrete H. Øyehaug vart godkjent.

5. Forslag til forretningsorden

1. Ingen har til vanleg rett til meir enn 3 innlegg i same sak. Ordstyrar kan gjere framlegg om avgrensa taletid og/ eller strek for dei innmelde talar. Replikkar og merknadar til forretningsorden skal vere korte.
2. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og vere underteikna av framleggar(ane).
3. Etter at strek er sett, eller at saka er teken opp til røysting, kan tidlegare framlegg ikkje trekkast tilbake- og nye framlegg kan ikkje settast fram.
4. På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovendring som ikkje er oppført på utsend/ kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røysterett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning i saklista.
5. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avgjevne røyster, med dei unntak som er fastsett i lova. Ved røystelikskap fell framlegget. Blanke røyster tel ikkje, og røysta vert rekna som ikkje avgjeven. Dette gjeld ikkje personval.
6. Ved personval skal det til vanleg vere skriftleg avrøysting, og alle røyster, også blanke røyster, skal protokollerast. For å bli valt, må ein kandidat ha minst halvparten av dei avgjevne røystene, blanke røyster irekna.
7. Framlegg og vedtak vert førde inn i møteboka, med talet på avgjevne røyster for og mot.

6. Godkjenne innkallinga.
Innkalling send til laga på e-post, samt på heimesida, 1 mnd. før årsmøtet.
Forslag til vedtak: årsmøtet godkjenner innkallinga.
Innkallinga vart godkjent.

7. Godkjenne saklista.
Sakslista vart lagt ut på heimesida før årsmøtet.
Forslag til vedtak: årsmøtet godkjenner sakslista.
Saklista vart godkjent.

8. Behandle årsmeldinga for idrettsrådet.
Vart lagt ut på heimesida ei veke før årsmøtet.
Forslag til vedtak: årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2024.
Årsmeldinga vart godkjent.

9a. Behandle idrettsrådet sitt rekneskap for 2024.
Rekneskapen vedlagt.
Forslag til vedtak: årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.
Rekneskapen vart godkjent.

9b. Økonomisk beretning

Idrettsrådet har sunn økonomi med god eigenkapital og lite faste driftsutgifter. Av faste utgifter er lisens til heimesida den største. Hovudinntekta er medlemskontingent. Alle idrettslag i kommunen er automatisk medlem i idrettsrådet.
Eigenkapitalen er på om lag kr. 150 000 utan restmidlane frå idrettsparken.

9c. Kontrollutvalet sin beretning.
Blei presentert munnleg i årsmøtet. Kontrollutvalet har gått gjennom dokumentar dei har fått tilsendt og hadde nokre kommentarar om uklare prosessar rundt val og kommentar om det burde vere fleire fysiske møter i styret.
Årsmøtet tok kontrollutvalet sin beretning til vitande.

10. Forslag til arbeidsprogram

- ~~Arbeide for realisering av nytt symjeanlegg (byggetrinn 2 i idrettsparken).~~
- Jobbe for auka kommunal støtte til drift og anlegg.
- Oppretthalde det gode samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet.
- Arrangere kurs.
- Vere aktiv i planarbeidet til Ørsta kommune.
- Samarbeide med dei andre idrettsråda på Sunnmøre.
- Gi hjelp til realisering av anlegg som er oppførte i handlingsprogrammet til kommunedelplan for "Idrett og fysisk aktivitet".
- Arbeide for momsfritak i idretten, i samarbeid med idrettskretsen.
- Samarbeid med ungdomsrådet. Korleis kan idretten tilpasse seg ungdommen sine ønskjer og behov?
- Hjelpe til med realisering av idrettsanlegg på Mosflata.
- Etablere ein fast møteplass mellom idretten og kommunen. (ikkje «Prøve å etablere»)

Arbeidsprogrammet vart godkjent med endring i fyrste og siste punkt.

11. Tildelingskriteria LAM
I fjor vart det brukt ein modell med slik fordeling: Ein tredjedel kvar til born, ungdom og skjøn. Når det gjeld idrettsrådet sitt skjøn er det lagt vekt på tiltak for å halde kostnadar nede, høge utgifter til anlegg, allidrett og varierte lokale tiltak. Fordelingsnøkkel for 2024 ligg på heimesida under fane LAM.

Kommentar om at 1/3 som vert fordelt ut i frå skjøn bør fjernast. Dette blei også nemnt i fjor. Dette vil komme dårleg ut for alle andre lag enn ØIL. Det vart bestemt at styret ikkje arbeidar

meir med dette forslaget anna enn ein oppfordring om å komme til medlemsmøtet til hausten. Då kan laga påverke styret med å fortelje om sine planar for aktivitet mot barn og ungdom.

12. Saker til behandling

Ingen saker melde.

13. Vedta idrettsrådet sitt budsjett.
Budsjett vedlagt.
Styret foreslår uendra kontingent; kr. 200 per lag + kr. 3 per medlem.
Forslaget vart godkjent.

14. Val.
Innstilling blir presentert i årsmøtet.

Innstilling frå valnemnda, ved Øyvind Festø og Arnar G. Holen.

Verva som er på val er markerte i "**bold".** Øvrige verv som ikkje er på val i 2025 er *i kursiv.*

Styret	Innstilling	Sit til
Leiar	**Erlend Andersen** (på val i 2025. tek attval) (ØIL)	2026
Nestleiar	*Rita Tryggeseth (ikkje på val i 2025, men går inn som nestleiar for avtroppande P.G.Indreeide)*	2026
Kasserar	*Tone Jøssang Hovdenakk (ikkje på val i 2025)(ØIL)*	2026
Styremedlem	**Karoline Hasle Einang** (ny, erstattar Terje Aarskog) (Klatreklubben)	2027
Styremedlem	**Unni Øye (Ny) (Åmdal idrettslag)**	2027
1. vara	*Njål Hoftun (ikkje på val i 2025)*	2026
2. vara	**Margrete Homlong Øyehaug** (på val i 2025, tek attval) Ørsta Ride og Køyreklubb	2027

Kontrollutval	Innstilling	
Leiar	*Gunnar Knutsen (ikkje på val i 2025)*	2026
Medlem	*Rita Myking (ikkje på val i 2025)*	2026
Vara	**Bente Ørsal** (på val i 2025, tek attval)	2027
Hallkomiteen	Innstilling	Sit til
medlem	**Patricio Medina** *(tek attval)*	2027
medlem	Sindre Skurtveit *(ikkje på val i 2025)*	2026
medlem	Nina Hustad *(ikkje på val i 2025)*	2026
vara	**Børge Osvoll (ikkje bekrefta, styret følgjar opp)**	2025
Valnemnd	Innstilling	Sit til
Leiar	*Arnar Holen (på val i 2025)(ikkje bekrefta, styret følgjar opp)*	2027
	Karoline Rudi (Ny)	2027
vara	**Øyvind Festø (ny rolle som vara)**	2026

Forslaget vart godkjent.

15. Engasjere revisor

Styret ser ikkje behov for å engasjere revisor til vårt moderate og enkle rekneskap.
Forslaget vart godkjent.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Ørsta 22.5.2025

_____

Tone Jøssang Hovdenakk- protokollførar- ØIR

_____ _____

Sven Castberg ØIL Margrete H. Øyehaug ØRRK